

Taxi/Bus Odda AS
Urdavegen 1
5750 ODDA

Dato: 02.11.2017
Vår ref.: 2017/4023-9
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for strekninga Odda - Buer - Strand - melding om vedtak med vidare

Vi viser til dykkar brev av 05.05.17 med søknad om ruteløyve for nemnde strekning.

Fylkesutvalet gjorde i møte 20.09.17 følgjande **vedtak** i saka, saksnr 236/17:

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 05.05.17 frå Taxi/Bus Odda om ruteløyve for strekninga Odda – Buer – Strand.
2. Lokaltransport på strekninga skal berre utførast etter godkjenning frå Hordaland fylkeskommune ved Skyss.
3. Fylkesutvalet viser til krava til motorteknologi i køyretøyforskrifta, og legg til grunn at det vert nytta materiell soom oppfyller krava i forskrifta eller motorteknologi med lågare utslepp av avgassar.

Grunngjeving: Fylkesutvalet sitt saksframlegg.

Vedtaket er eit einskildvedtak som kan **påklagast** innan 3 veker frå de fekk orientering om vedtaket. Fristen for å klage på vedtaket er ute, med mindre kan godtgjere at de har krav på forlenga klagefrist.

Kopi av saksprotokollen og saksframlegget følgjer vedlagt.

Vedlagt følgjer også ruteløyvedokument nr 12 06 0023. Dette skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi av dokumentet skal følgje alle vognar som vert nytta i drifta av løyvet, saman med turvognløyvedokument og dokumentasjon på disposisjonsrett over den aktuelle vogna.

Rutetransport er regulert i yrkestransportlova (loy) og forskrifter i medhald av denne, yrkestransportforskrifta (foy) og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport (fou). Oppdaterte lov- og forskriftstekster vert publisert på nettstaden <https://lovdata.no>.

Frå reglane i lova og forskriftene vil vi spesielt gjere merksam på følgjande:

- Løyvet kan ikkje overlatast til verksemd med anna organisasjonsnummer utan samtykke frå fylkeskommunen. (Loy § 28.)
- Ved skifte av dagleg leiar, transportleiar og adresse skal dette meldast til fylkeskommunen innan 28 dagar i førevegen. (Foy § 11.)
- Den til ei kvar tid daglege leiar må oppfylle krava til vandel. (Foy § 10.)
- Den til ei kvar tid fungerande transportleiar må fylle krava til faglege kvalifikasjonar. (Foy §§ 8 og 10.)

- Ruteløyve gjev plikt til å drive rutetransport. (Foy § 25.)
- Gjeldande ruteplan og takstregulativ må vere godkjent av fylkeskommunen. (Foy §§ 28 og 29.)
- Det er i fou gjeve føresegner om universell utforming av motorvogn i rute med buss klasse II og III. (Fou § 1.)

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
SKYSS